

**Norske
pengespel**
Gaming in Norway

2 0 0 1
2 0 0 2

**Statistikk over statlege spel,
private spel og lotteri**

*Annual statistics report from
The Norwegian Gaming Board*



LOTTERITILSYNET

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på
www.lotteritilsynet.no

I N N H A L D

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping og Extra	16
Norsk Rikstoto	21
Prøvekonsesjonar på Internett og SMS	24
Nye plattformer for spel og betalingsformidling	26
Automatar	28
Bingo	33
Andre lotteri	38
English summary	42
Vedlegg	44

Pengespelmarknaden passerte 30 milliardar kroner

Statistikken for 2002 understrekar at nordmenn satsar stadig meir på pengespel. Tala viser at brutto omsetning i lovlege pengespel kom opp i 30,1 milliardar kroner, og dette er ein halv milliard meir enn det førebels oversynet presentert i Lotteritilsynets årsmelding for 2002. Nettotalet, brutto minus gevinstar, kom opp i nærare 9,7 milliardar kroner.

Går vi vidare inn i talmaterialet finn vi at brutto omsetning auka med heile 35 prosent. Nettotala auka med 13 prosent. Mot desse tala må vi sjå overføringane til formåla som auka med 10 prosent.

Det er grunn til å merke seg at overføringane til formåla i fjor hadde ein prosentvis lågare vekst enn auken i netto omsetning. Dette kan forklarast med at det vart satsa meir på spel med høgare administrative kostnader og større gevinstprosent. I tillegg var det ein del aktørar som overførte prosentvis mindre av netto omsetning til formåla enn året før.

Den kraftige auken på over 70 pst brutto i automat-marknaden kan, ifølgje entreprenørane, i første rekkje forklarast med at svært mange eldre automatar er skifta ut dei siste par åra. Dette gir meir driftssikre automatar, det er meir kjedesamarbeid samstundes som det er gjennomført ein del skifte av oppstillingsstader.

Førebels har vi ikkje sikre overslag over kor mykje nordmenn spelar for på utanlandske pengespel på Internett. Men i desember 2002 gjennomførte Lotteritilsynet ei meiningsmåling som viste at fire prosent av dei spurde spelarane brukte Internett til pengespel. Fire prosent utgjer 138 000 personar, og det er grunn til å vente ein auke i denne måten å spele på.

Dette er den andre komplette årsstatistikken Lotteritilsynet lagar over norske pengespel, og vi er framleis heilt avhengige av at aktørane i marknaden samarbeider dersom vi skal få fram nøyaktige tal og estimat. På denne bakgrunnen vil Lotteritilsynet få takke for den velviljen heile pengespelmarknaden har vist i dette viktige arbeidet.

Førde i oktober 2003

Atle Hamar
Direktør

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2002 omsett for 30,1 milliardar kroner. Av dette gjekk 20,5 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen nær 9,7 milliardar kroner til fordeling blant aktørane - operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2002

År 2002	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for) ²	30 149	4 016
Gevinst	20 485	2 729
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	9 664	1 287

År 2002	Spelt for		Lagt igjen	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ³	6 643	885	2 129	284
Per innbyggjar 15 år og eldre	8 306	1 106	2 662	355
Per husstand ⁴	15 280	2 035	4 898	652
Prosent av disponibel inntekt ⁵	4,18 %		1,34 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 6 643 kroner i 2002.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar ha lagt igjen 2 129 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 1,34 %.

¹ Middelkurs 2002 frå Norges Bank 7,5073.


² For gevinstautomatar utgjer brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdi av gjenspel ikkje er medrekna.

³ Gjennomsnittleg folketal frå SSB, Nordisk regionalstatistikk 1/1-2002 og www.ssb.no 31/12-2002.

⁴ Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,3 (tal frå SSB - Privathusholdning og personer per privat husholdning 2001).

⁵ Årlig nasjonalregnskap 1970-2002, "Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing." (SSB) Disponibel inntekt 721 918 millionar kroner.

Brutto omsetning i millionar kroner i 2002



I 2002 spelte nordmenn for 30,1 milliardar kroner. Om lag halvparten (15,4 milliardar) vart spelt på gevinstautomatar^{6,7}. På Norsk Tipping sine spel satsa nordmenn samla nær 9 milliardar, og i tillegg nær 0,8 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for nær 2,5 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Forutan gevinstautomatar er det bingo, lotteri, Internett-spelet *tivoli.no* og SMS-spelet *SMS.jackpot* som utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på om lag 1,9 milliard, der entreprenørbingoen utgjer størsteparten, nær 1,6 milliard inkludert sidespel i bingo (elektroniske⁸ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 0,32 milliard.

Det nye Internett-spelet *tivoli.no* hadde ei omsetning på 36 millionar, medan SMS-spelet *SMS.jackpot* i sitt første år omsette for nærare 0,3 million.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, nær 0,5 milliard⁹. For dei lokale/regionale lotterier estimerer vi omsetninga til 110 millionar.

Samla brutto omsetning auka frå 22,4 milliardar i 2001. Dei lyse søylene i diagrammet syner omsetninga i 2001, og då ser vi at endringa (veksten) var størst for automatane.

⁶ Beløpet er utan gjenspel, dvs. at vi ikkje har rekna med verdien av gevinstar som er brukt til nye spel i staden for å bli utbetalt.


⁷ Vi har i tillegg registrert 51 mill. i omsetning på underhaldningsautomatar.

⁸ Bingoautomatar og databingo.

⁹ Omsetninga 454 mill. er inklusiv 8 mill. i andre inntekter enn loddsal.

Samandrag

Den norske pengespelmarknaden år 2002, marknadssdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 38% av marknaden. Tilsvarande marknadssdel i 2001 var 47%.

Gevinstar og pengepremiar i 2002

Tal i millionar	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	8 940	4 884	4 056	55 %
Norsk Rikstoto	2 479	1 650	829	67 %
Extra – Stiftelsen Helse og Rehabilitering				
	794	397	397	50 %
Automatar *				
	15 426	12 038	3 388	78 %
Bingo med entreprenør*				
	1 590	1 194	395	75 %
tivoli.no/SMS.jackpot				
	36	34	1,8	95 %
Landslotteri				
	454	67	387	15 %
Bingo utan entreprenør**				
	320	200	120	63 %
Lokale/regionale lotteri**				
	110	20	90	18 %
Totalt	30 149	20 485	9 664	68 %

*) Delar av omsetninga (mest for brutto) er estimert for gevinstautomatar.

For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

**) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimert basert på rapportar frå politiet og utval av rekneskap (sjå elles vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 20,5 milliardar kroner av innsatsen på 30,1 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå automatar, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo. I prosent mest tilbake frå tivoli.no, SMS.jackpot (høvesvis 95 % og 88 %), automatar (78 %) og entreprenørbingo (75 %).


For automatar er dette den del av gevinsten som blir fysisk utbetalt. Det same kan gjelde for elektroniske sidespel i bingo.

For lotteri bokfører ein ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. For vinnaren kan premien ha høgare verdi enn det som kjem fram i rekneskapen. Lotteri kan oppnå rabattar ved kjøp av premiar, og til mindre lotteri er gjerne premier gitt som gåver utan at dette går fram av rekneskap.

Samandrag

Sidan gevinstprosenten er relativt høg for gevinstautomatar og for fleire andre spel frå private entreprenørar, er det ikkje desse spela som har størst netto omsetning. Etter at gevinstane er utbetalt er det Norsk Tipping som har størst netto omsetning og dermed mest å fordele på aktørane, dvs. formål, operatør/entreprenør, lokalinnhavar/kommisjonær og eventuelt annan tredjepart.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2002



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til saman 51 % av marknaden. I 2001 hadde dei til saman 54 %.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2002

	Netto omsetning		Formål		Administrative kostnader	
	Mill	Mill	Prosent	Mill	Prosent	
Norsk Tipping	4 056	2 625 ¹⁰	65 %	1 431	35 %	
Norsk Rikstoto	829	435	53 %	394 ¹¹	47 %	
Extra	397	203 ¹²	51 %	120	30 %	
- NT's op.godtgj. til NT-formål		75	19 %			
Automatar	3 388	1 224	36 %	2 164	64 %	
Bingo med entreprenør	395	67	17 %	329	83 %	
tivoli.no/SMS:jackpot	1,8	1,1	61 %	0,7	39 %	
Landslotteri	387	123	32 %	264	68 %	
Bingo utan entreprenør	120*	80*	67 %	40*	33 %	
Lokale/regionale lotteri	90*	80*	89 %	10*	11 %	
Totalt	9 664	4 913	51 %	4 751	49 %	

*) Estimerte og avrunda beløp

10 og 12 Norsk Tipping inntektsfører operatørgodtgjersle frå Extralotteriet. Denne kjem i tillegg til NT sine kostnader med spelet og inngår deretter i overføring til Norsk Tipping sine formål. I år 2002 utgjorde dette 74,8 mill.

11 I Rikstoto sine administrative kostnader inngår 91,7 mill. som er avgift til staten.


Samandrag

Formåla sine inntekter utgjorde totalt 4,9 milliardar kroner. Største del av inntektene (2,6 mrd.) kom frå Norsk Tipping. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (65 %). Også Norsk Rikstoto hadde ein forholdsvis stor prosentvis del (53 %, eller 435 mill).

Automatane bidrog også med ein stor del til formåla (1,2 mrd.), men prosentvis mindre del av netto omsetning (36 %).

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør, tivoli.no og SMS.jackpot forutan Extra. For dei andre utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning. Minst del til formåla hadde entreprenørbingo (17 % eller 67 mill).

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteri.



Administrative kostnader¹³ utgjorde totalt 4,75 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart sin del av inntektene.

Den største del av kostnaden (2,16 mrd.) skriv seg frå automatane der ein også har ein forholdsvis stor prosentvis del kostnader (totalt 64 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Tipping (1,43 mrd.) og Norsk Rikstoto sine spel (0,39 mrd.), men her var den prosentvise delen forholdsvis mindre (høvesvis 35 % og 47%).

Blant dei private spela utgjorde administrative kostnader meir enn 50 % av netto omsetning for bingo med entreprenør (83 %), landslotteri (68 %) og automatat (64 %).

Kor stor del av kostnadene som gjekk til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane. For andre spel/lotteri der vi ikkje har slike tal kan det også vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osv..

¹³ Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Samandrag

Netto omsetning i 2002 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnehavar Mill	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	4 056	664	16 %
Extra	397	60	15 %
Norsk Rikstoto	829	152	18 %
Automatar	3 388	675	20 %
Totalt	8 670	1 551	18 %

Frå desse spela gjekk 1,55 milliard kroner, eller 18 % av netto omsetning, til kommisjonær eller lokalinnehavar. Største beløpa kom frå omsetninga til Norsk Tipping og automatane. I prosent kom det mest frå automatomsetninga.

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 17,8% av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der under 1% av innsatsen kom via Internett.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2002

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2002	Mill	Prosent
Idrett	1 520	31 % *
Kultur (statsbudsjett og Regjeringa)	1 050	21 %
Musikk/kultur/fritid	60	1 % *
Forsking (statsbudsjettet)	600	12 %
Hest/hestesport	435	9 % *
Helse	471	10 % *
Humanitær	549	11 % *
Diverse	67	1 % *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	160	3 %
Totalt	4 913	100 %

*) I tillegg får formåla delar av 160 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %).

Idrett (1 520 millionar *)

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 050 mill.), estimert automatinntekt (416 mill.), entreprenørbingo (32 mill.), frå landslotteri (22 mill.) og SMS.jackpot (19 000). Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar.

Kultur og fritid (1 110 millionar *)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (900 mill.) eller som løyving frå Regjeringa (150 mill.).

I tillegg er det om lag 60 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (frå automatar 42 mill., entreprenørbingo 15 mill. og landslotteri 4 mill.). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Forsking finansiert over statsbudsjett (600 millionar)

Desse midlane kom frå overskotet til Norsk Tipping.

I tillegg går også andre speleinntekter til forsking. Dette er forsking som lag og organisasjonar sjølv initierer og finansierer. Mellom anna finansierte Stiftelsen Helse- og Rehabilitering (Extra) i 2002 forsking for 61 mill., og av idretten sine tippemidlar gjekk 25 mill. til forskings- og utviklingsarbeid.

Samandrag

Hest/hestesport (435 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (471 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Den Norske Kreftforening, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund. 203 mill. som Stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 206 mill. frå automatar, 56 mill. frå landslotteri, 7 mill. frå entreprenørbingo, 0,5 mill. frå tivoli.no og 14 000 frå SMS.jackpot. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (549 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors og Redningselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktningerådet og Lions.

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, utrekna til 518 mill. Røde Kors og Redningselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 24 mill., entreprenørbingo med 7 mill., tivoli.no med 0,5 mill. og frå SMS.jackpot med 5 000. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (67 millionar *)


Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå automatar (43 mill.), entreprenørbingo (7 mill.), landslotteri (18 mill.) og SMS.jackpot (10 000).

Uspesifiserte inntekter (160 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale/regionale lotteri. Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor.

Den norske pengespelmarknaden år 2002,
inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Totalt 4,9 mrd

Samandrag

Endring frå år 2001

I 2002 gjekk det 435 millionar meir til formåla enn i 2001.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2001		2 002		Endr. frå 2001	
	Mill	Prosent	Mill	Prosent	Mill	Prosent
Idrett	1 233	28 %	1 520	31 %	287	23 %
Kultur (statsbudsj. og Regjering (2002))	858	19 %	1 050	21 %	192	22 %
Musikk/kultur/fritid	50	1 %	60	1 %	10	21 %
Forsking (statsbudsjettet)	858	19 %	600	12 %	- 258	-30 %
Hest/hestesport	483	11 %	435	9 %	- 48	-10 %
Helse	414	9 %	471	10 %	57	14 %
Humanitær	399	9 %	549	11 %	150	38 %
Diverse	63	1 %	67	1 %	4	7 %
Uspesifisert inngår i formål ovanfor	120	3 %	160	3 %	40	33 %
Totalt	4 478	100 %	4 913	100 %	435	10 %

Idretten og kultursektoren har via statsbudsjett og Regjering fått større del av tippemidlane i 2002, medan forskinga har fått mindre. Dette er den viktigaste forklaringa til at idretten og kultursektoren har auka sine inntekter.

Idretten har også fått auka sine inntekter fordi gevinstautomatar har hatt større omsetning i 2002.

Forskinga har i 2002 fått 12% av inntektene medan dette i 2001 utgjorde 19%.

Hestesporten fekk også redusert sine inntekter i 2002 samanlikna med 2001. Dette heng saman med at Norsk Rikstoto sin netto omsetning vart redusert med 7%, og at ein overførte noko mindre av omsetninga til formåla i 2002.

Humanitære organisasjonar fekk ein forholdsvis stor auke i sine inntekter. Ei årsak er at nokre av organisasjonane har mange gevinstautomatar, og for automatane har omsetninga hatt ein sterk vekst.

Også for dei andre gruppene har inntektene auka, men dei har stort sett same prosentvise del av inntektene i 2002 som dei hadde i 2001.

Endring i omsetning frå 2001

Her samanliknar vi omsetninga i 2002 med 2001. Sidan einstilte spel har ulike datagrunnlag i 2001 og 2002, er grunnlaget for samanlikning ikkje like godt for alle spel og lotteri. Dette går fram i kommentarar.

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	22 411	30 149	35 %
Netto omsetning	8 520	9 664	13 %

Brutto omsetning har i 2002 auka med 35 %. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Dette skuldast at ein større del av omsetninga i 2002 gjekk gjennom spel der gevinstprosenten er høgare.

Andre årsaker nemner vi i gjennomgang av dei ulike spela.

Norsk Tipping

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	7 861	8 940	14 %
Netto omsetning	3 739	4 056	8 %

Norsk Tipping auka brutto omsetning med 14 %, medan netto omsetning auka mindre. Dette skuldast at oddsspel har hatt vekst samstundes som dette spelet har høgare gevinstprosent.

Extra

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	746	794	6 %
Netto omsetning	373	397	6 %

6 % vekst både for brutto- og netto omsetning.

Norsk Rikstoto

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	2 626	2 479	-6 %
Netto omsetning	888	829	-7 %

6 % reduksjon i brutto omsetning og 7 % i netto omsetning.

Gevinstautomatar

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	8 958	15 426	72 %
Netto omsetning	2 546	3 388	33 %

Omsetninga for gevinstautomatar har hatt ein kraftig auke, og auken var størst for brutto omsetning.

Omsetninga i 2002 er noko større enn vi varsla i vår årsmelding for 2002 (estimert til 15,0 mrd.). Årsaka er at estimatet den gong i hovudsak var ei framskriving av omsetninga til entreprenørar som var verksame i 2001. Seinare har vi sett at det i 2002 kom til ein del nye entreprenørar med automatdrift, og deira omsetning inngår no i omsetningstalet.

Generelt oppgir entreprenørane at auken frå 2001 skuldast at ein har skifta ut automatar. I tillegg oppgir dei skifte av oppstillingsstad, tettare oppfølging og kjedesamarbeid som årsaker til veksten i 2002.

At auken for brutto omsetning er større enn for netto omsetning skuldast at nye automatar har høgare gevinstprosent. Dette fører til at det som spelarar legg igjen i automatane ikkje har auka i same grad som auken i det ein spelte for.

Endring i omsetning frå 2001

Vi kan heller ikkje sjå bort frå at gevinstprosenten som vart brukt i estimatet for manglande rapportert brutto omsetning i 2001 (71,58 %) kan ha vore for låg, og at det dermed kan ha vorte vist for låg samla brutto omsetning i 2001. I 2001 var andel rapportert brutto omsetning frå entreprenørar 41 %, medan vi estimerte 59 %. For 2002 er 83 % av brutto omsetning rapportert og estimatdelen utgjer berre 17 %, der ein legg til grunn 78,04 % som gevinstprosent.

Problemstillingar knytt til estimat av brutto omsetning endrar likevel ikkje tal for netto omsetning. Når vi samanliknar 2002 med 2001 har vi dermed det sikraste samanlikningsgrunnlaget for netto omsetning. Viser til vedlegg for feilmarginar.

Entreprenørbingo

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	1 337	1 590	19 %
Netto omsetning	370	395	7 %

Bingoentreprenørar har totalt sett hatt ein vekst i omsetning, og veksten er størst for brutto omsetning. Dette heng m.a. saman med at meir av omsetninga skjer på bingoautomatar som har høgare gevinstprosent enn andre spel.

tivoli.no/SMS.jackpot

Desse spela kom på marknaden i 2002 og bidreg såleis til den samla veksten med i alt 36 millio- nar i brutto omsetning.

Landslotteri

Tal i millionar	2001	2002	Endring 2001-2002
Brutto omsetning	493	454	-8 %
Netto omsetning	419	387	-8 %

Landslotteri har hatt ein reduksjon i omsetninga på 8 %. Dette trass i at vi for 2002 har med 56 lotteri, medan vi i 2001 registrerte 52 lotteri.

Andre spel/lotteri

Omsetning i 2002 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri har Lotteritilsynet estimert. Sidan vi nytta annan måte for estimat i 2001 blir ikkje desse fullt ut samanliknbare frå 2001 til 2002.

Bingo utan entreprenør	2001	2002
Tal på løyve gitt av politiet ¹⁴ :	1 500	1 200
Lotteritilsynets estimat for omsetning: (brutto omsetning)	290 mill kr	320 mill kr

Totalt syner tal frå politiet ein reduksjon i talet på lag som arrangerer bingo utan entreprenør. Omsetningsestimatet for 2001 var basert på omsetningstal for 2000 justert for nedgang i talet på løyve i 2001. Talet for 2002 er basert på eit utval rekneskap for 2002 og talet på løyve gitt i 2002.

For 2002 har vi difor registrert større omsetning per foreining enn vi gjorde i år 2001. Omsetning frå sidespel er for 2002 medrekna i fleire rekneskap enn tidlegare.

¹⁴ Avrunda til næraste 100 løyve

Endring i omsetning frå 2001

Lokale / regionale lotteri	2001	2002
Tal på meldingar motteke av politiet ¹⁵ :	2 500	3 000
Tal på løyve gitt av politiet ¹⁶ :	380	170
Lotteritilsynets estimat for omsetning: (brutto omsetning)	100 mill kr	110 mill kr

Totalt har politiet motteke fleire meldingar om lokale lotteri under 100 000 i omsetning i 2002. Talet på løyve er derimot meir enn halvert. Totalt ser vi ein viss auke i talet på lotteri.

Også her har vi nytta ulike metodar for å estimere omsetning. Estimatet for 2001 var basert på inntektstal for 2000 justert for nedgang i talet på lotteri. Talet for 2002 er basert på eit utval rekneskap for 2002 og talet løyver gitt i 2002.

Endring i omsetning samsvarar likevel bra med endring i tal lotteri rapportert frå politiet.


¹⁵ Avrunda til næraste 100 løyve

¹⁶ Avrunda til næraste 10 løyve

Norsk Tipping AS – og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 8,94 milliardar kroner i år 2002. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,79 milliard.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS sine spel år 2002, totalt 8 940 millionar



61 % av samla innsats vart sett på talspel (Lotto, Viking Lotto og Joker). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 70 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig.

Sportsspela Tipping og Oddsen stod for 30 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane. I 2001 stod sportsspela for 26 % av omsetninga.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Millionar	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	5 420,9	61 %
Sportsspel: Tipping og Oddsen	2 720,4	30 %
Skrapelodd: Flax	798,6	9 %
Total brutto omsetning	8 939,9	100 %

Omsetning og gevinst - i millionar	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	5 420,9	2 720,4	798,6	8 939,9
Totalt til gevinst	2 710,4	1 765,9	407,6	4 883,9
Total netto omsetning	2 710,5	954,5	391,0	4 056,0

Omsetning og gevinst - i prosent av brutto omsetning	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	100 %	100 %	100 %	100 %
Totalt til gevinst	50 %	65 %	51 %	55 %
Total netto omsetning	50 %	35 %	49 %	45 %

¹⁷ Samla omsetning gjennom NT var difor 9,7 milliardar i 2002.

Totalt gjekk 55 % tilbake til spelar som gevinst. 45 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål.

Størst gevinstdel gav sportsspel der oddsspela hadde høgste prosent. Oddspel hadde samla gevinstprosent 72. For den tradisjonelle tippekupongen er prosenten 50.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har gjennom 2002 vore stabilt, frå 3 846 (1 jan 2002) til 3 849 (31 des 2002).

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnett (8 878 mill). Våren 2001 starta eit prøveprosjekt med spel via Internett og våren 2002 kom Internettkanalen i ordinær drift. I 2002 spelte nordmenn for 62,3 millionar på NT sine egne spel¹⁸ over Internett (37,1 mill. på Tipping og Odds, og 25,2 mill. på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

Extra - eit spel for Stiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av Stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan helse, rehabilitering og forskning.

I 2002 vart det spelt Extra for 794 millionar kroner. Gevinstprosenten var 50.

Omsetning og gevinst	Mill	Prosent
Brutto omsetning	794,4	100 %
Til gevinst	397,2	50 %
Netto omsetning	397,2	50 %

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 3,6 millionar av samla innsats via Internett i år 2002.

¹⁸ Extra kjem i tillegg med 3,6 millionar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 056 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål	2 625,2	65 %
Til Norsk Tipping AS	767,1	19 %
Til kommisjonær	663,7	16 %
Sum = netto omsetning	4 056,0	100 %

Reell fordeling frå Norsk Tipping til formål var noko høgare enn vist her (2 700 millionar). Dette fordi selskapet også inntektsfører operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2002 utgjorde operatørgodtgjersla 74,8 millionar.

Frå Norsk Tipping sine eigne spel gjekk 65 % til formåla. Tilsvarende andel i 2001 var 67 %.

Fordeling til formål

2 700 millionar kroner¹⁹ vart fordelt til formåla idrett, kultur og forskning. 1 050 mill. til idrett, 1050 mill. til kultur og 600 mill. til forskning.

For forskning vart midlane tilført statsbudsjettet, og var såleis eit bidrag til statskassa.

For kultur blei 900 mill. tilført statsbudsjettet, medan Regjeringa tildelte 150 mill. til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* fekk 60 mill., *Lokale og regionale møteplassar* fekk 45 mill. og *Frifond-ordningen* fekk 45 mill.), jf pressemelding frå Kultur- og Kyrkjedepartementet 9. mai 2003.

For idretten er fordelinga mest spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og Kyrkjedepartementet si pressemelding 28. april 2003.


Fordeling av tippemidler til idretten		Frå einsskilte underpostar
Idrettsanlegg	546,5 mill	Idrettsanlegg i kommunane 525 mill.
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	314,4 mill	Grunnstøtte særforbund utgjør 118 mill.
Tilskot til lokale lag og foreningar	105,0 mill	
Spesielle aktivitetar	33,4 mill	Fysisk aktivitet, lokal tilhøring og sosial integrasjon utgjør 15,3 mill.
Forsknings- og utviklingsarbeid	24,7 mill	Idrettsforskning utgjorde 16,5 mill.
Nasjonalanlegg/ Spesielle anlegg	26,0 mill	
Totalt	1050,0 mill	

Det meste av idrettens tippemidler (82 %) gjekk til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (hvv. 52 % og 30 %). Følgjande diagram viser prosentvis fordeling.

¹⁹ 2 625,2 mill. frå eigne spel + 74,8 mill. frå operatørgodtgjersle Extra.

Norsk Tipping AS – og Extra

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidler år 2002



Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine egne spel fekk kommisjonærar 16 % av netto omsetning, i alt 663,7 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 723,7 millionar.

I gjennomsnitt var det 3 847 kommisjonærar²⁰ i 2002. I snitt vil kvar kommisjonær hatt ei inntekt på 188 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill
NT sin del av inntekt frå egne spel og Extra (til NT's drift)	826,9
NT sine samla netto kostnader ²¹	633,8
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	193,1

Ved årets slutt var det halde tilbake 193,1 millionar i investeringsfond. I 2001 vart det halde tilbake 89,2 millionar.

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 397,2 millionar til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål (Stiftelsen Helse og Rehabilitering)	202,6	51 %
Til Norsk Tipping AS	134,6	34 %
Til kommisjonær	60,0	15 %
Sum = netto omsetning	397,2	100 %

Til Stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 202,6 millionar eller 51 % av netto omsetning. Tilsvarande andel i 2001 var 49 %.

Ein del av overføringa til NT var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2002 utgjorde dette 74,8 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett, kultur og forskning). Dette utgjorde 18,8 % av Extra si netto omsetning.

²⁰ Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar

²¹ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansiellepostar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relatert til Norsk Tipping sine spel.

Norsk Tipping AS – og Extra

Fordeling til formål i år 2002


Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Alle norske frivillige, humanitære og samfunnsnyttige organisasjonar og funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 188 millionar fordelt på 602 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill	Prosent
Førebygging	55,4	32,4 %
Forsking	60,8	35,5 %
Rehabilitering	55,1	32,2 %
Sum	171,3	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	17,1	
Totalt	188,4	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2002 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper år 2002




Extraspelets midlar fordelt på helseområde år 2002



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var nær 2,5 milliardar kroner i år 2002.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2002, totalt 2 479 millionar



Omsetning og gevinst	Millionar	Prosent
Total brutto omsetning	2 478,8	100 %
Totalt til gevinst	1 649,9	67 %
Netto omsetning	828,9	33 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelar som gevinst. Ein tredjedel gjekk til fordeling på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar har gjennom 2002 hatt ein liten auke, frå 1 265 (1. jan 2002) til 1 294 (31. des 2002). Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner.

Det mest av omsetninga, 82 %, gjekk gjennom kommisjonærnettlet. Omsetninga på løpsbaner utgjorde 13 %, medan Internett stod for nær 5 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Millionar	Prosent
Kommisjonær	2 037,3	82,2 %
Baner	331,0	13,4 %
Internett	110,6	4,5 %
Total	2 478,9	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 828,9 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål	435,4	53 %
Avgift til staten	91,7	11 %
Til operatør (Rikstoto)	149,9	18 %
Til kommisjonær	152,0	18 %
Sum = netto omsetning	828,9	100 %

Til formåla gjekk det 435,4 millionar kroner eller 53 % av netto omsetning. Tilsvarande del i 2001 var 54 %.

Fordeling til formål	Mill
V75 og storløp-premiar	46,6
Transporttilskot	2,0
Norsk Hestesenter	18,3
Det Norske Travelskap	48,5
Norsk Jockeyklubb	13,7
Bidrag avskrivning finans	28,0
Provisjon driftsselskap (banene)	278,4
derav drift løpsbaner ²²	135,8
derav premiar til hesteeigarar	142,6
Totalt	435,4

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottok driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som utbetaler støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.


Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning som blir generert i regionen til det einstilte DS. Inntekt skal dekkje drift på den einstilte løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

Norsk Rikstoto

Prosentvis fordeling av formålsmidler frå Norsk Rikstoto år 2002



Statsavgift

Avgift til staten (91,7 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 152 mill., eller 18 %, av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 22 %²³ av netto omsetning.

Om det i snitt var 1 280 kommisjonærar i 2002, ville kvar i snitt hatt ei inntekt på 119 000 kroner.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill
RT sine inntekter frå hestespel	149,9
Andre inntekter	35,3
Samla kostnader	185,2
Årsresultat	0,0

Årsresultatet er kroner null for 2002. Til samanlikning hadde Norsk Rikstoto eit underskot på 15,5 millionar kroner i 2001.

²³ 152 mill./ (829 mill. x 0,822)

Prøvekonsesjonar på Internett og SMS

I 2002 starta to spel som fullt ut går over nye elektroniske plattformer. Desse er *tivoli.no* og *SMS.jackpot*.

Kyrkje- og Kulturdepartementet har gitt konsesjon til *tivoli.no* og Lotteritilsynet gav konsesjon til *SMS.jackpot*.

I tillegg har Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto konsesjon til å formidle sine spel over Internett. Dette er omtalt i føregående og neste del av rapporten.

tivoli.no

Spelet er det einaste i sitt slag i Noreg der ein utelukkande spelar over Internett. Betalingsformidlinga, overføring av innsats og eventuell gevinst går også over Internett.

Spelet er operert av *Norskespill.no as*, eit firma eigd av *De 10 Humanitære AS* (51 %) og *Cee.tv. AS* (49 %).

Organisasjonane som utgjer *De 10 humanitære AS* er:

Den Norske Kreftforening, Flyktningerådet, Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindforbund, Norges Handikapforbund, Norges Røde Kors, Norsk Folkehjelp, Redd Barna og Redningssselskapet.

tivoli.no - nøkkeltal år 2002

Brutto omsetning	kr 36 103 000
Gevinst	kr 34 337 000
Netto omsetning	kr 1 766 000
til operatør (drift)	kr 707 000
overskot til formål	kr 1 059 000
Formålas del av brutto omsetning	3 %
Formålas del av netto omsetning	60 %
Gevinstprosent	95 %

Frå spelet har organisasjonar motteke vel ein million kroner som formålsinntekter, eller 60 % av netto omsetning. Prosentsatsen er avtalt mellom eigarane av spelet, og kvar organisasjon får like stor del av inntektene.

I forhold til vår kategorisering av inntekt til ulike typar formål²⁴ vil fem av organisasjonane inngå i gruppa *helseorganisasjonar* og dei andre fem i gruppa *humanitære organisasjonar*.

Frå vår kategorisering utgjer dette:

- kr 530 000 til helseorganisasjonar
- kr 530 000 til humanitære organisasjonar

SMS.jackpot

Spellet er åleine i Noreg om å tilby lotteri over SMS (tekstmelding).

Spellet er operert av Norsk Restaurantcasinodrift AS. Dette spelet har også 10 organisasjonar det blir spelt til inntekt for.

Organisasjonar med inntekt frå spelet:

Norsk forbund for svaksynte, Norges Svømmeforbund, Care Norge, Norges Håndballforbund, Miljøstiftelsen Bellona, MS Forbundet Norge, Norges Døveforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Bordtennisforbund og Amnesty International.

SMS.jackpot - nøkkeltal år 2002

Brutto omsetning	kr	282 900
Gevinst*	kr	248 700
Netto omsetning	kr	34 200
til operatør (drift)	kr	- 13 700
overskot til formål	kr	47 900
Formålas del av brutto omsetning		17 %
Formålas del av netto omsetning		140 %
Gevinstprosent		88 %

**) 100.000 av premieutbetalingane kom frå spelet sin garantibuffer i samband med ei tidleg utbetaling, og vart ikkje tatt direkte frå omsetninga i den aktuelle perioden.*

Negativt beløp til operatør viser at operatøren isolert sett har hatt netto utgifter.

Formåla mottok totalt nær 48 000 kroner og frå vår kategorisering utgjør dette:

- kr 19 000 til idrettsorganisasjonar
- kr 14 000 til helseorganisasjonar
- kr 5 000 til humanitær organisasjon
- kr 10 000 til diverse organisasjonar

Nye plattformer for spel og betalingsformidling

Totalt er det fire norske aktører som tilbyr lovlege spel over Internett eller SMS. I tillegg til tivoli.no og SMS.jackpot gjeld dette Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto.

Ved Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto er det innsats og eventuell gevinst som kan overføres via Internett. Her blir det likevel spelt på same spel som hjå kommisjonær eller på løpsbaner.

Hos alle operatørane opprettar spelarane ein form for *spelekonto*. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.


Operatørane har ulik praksis på kva premiebeløp som går til spelekonto og kva som går til spelars ordinære bankkonto. Spelar kan likevel alltid velje å overføre frå spelekontoen til eigen bankkonto, eller for SMS.jackpot bruke spelekontoen til kjøp av andre varer/tenester der *mobilhandel* er tilgjengeleg.

Dette betyr at det i brutto omsetning for alle spela inngår innsats finansiert med tidlegare gevinstar utan at gevinsten først er utbetalt frå spelekonto.

Spel på nye plattformer - brutto omsetning (millionar)	År 2001	År 2002	Endring frå 2001
Norsk Tipping (inkl. Extra)	3,5	65,9	62,4
Norsk Rikstoto	33,0	110,6	77,6
tivoli.no	ikkje drift	36,1	36,1
SMS.jackpot	ikkje drift	0,3	0,3
Totalt	36,5	212,9	176,4

I 2002 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og SMS totalt 213 millionar kroner. Dette beløpet er langt større enn kva den einskilde spelar har overført frå eigen bankkonto. På bakgrunn av tal/anslag frå operatørane utgjør innsats med bruk av gevinstpengar totalt sett i overkant av 40 % av brutto omsetning, eller om lag 90 av 213 millionar kroner.

Forklaringa på den store omsetningsauken frå 2001 er at denne type pengespel først starta våren 2001, og då som prøveordningar for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel. Nordmenns innsats her har vi ikkje tal på, men ei spørjeundersøking i desember 2002 viste at 4 % av den vaksne befolkninga i løpet av året hadde spelt pengespel over Internett (N=1000).

Dette utgjorde 138 000 nordmenn over 18 år. Undersøkinga viste at fleirtalet av nettspelelarane spelte på utanlandske nettstader.

I juni og september 2003 gjentok vi desse undersøkingane, og andel som har spelt pengespel over Internett i år var 4 % i juni og 5 % i september²⁵. Dette omfattar både norske og utanlandske nettspel.

²⁵ Undersøkingane er gjennomført av Opinion AS og 1000 personar over 18 år er spurde kvar gong.

Automatar

Denne delen omfattar gevinstautomatar og underhaldningsautomatar. Bingoautomatar er ikkje med då dei inngår som sidespel til bingo og tal for desse blir omtalt annan stad.

Gevinstautomatar

Vi har data frå 136 automatentreprenørar som til saman hadde utplassert 17 889²⁶ gevinstautomatar per 31. desember 2002.

Dette er ein reduksjon med om lag 1 100 automatar frå 2001 då vi rekna med 19 000 automatar ved utgangen av året.

For fem av entreprenørane har vi ikkje fått tal for omsetning, m.m. Ut frå tilgjengeleg informasjon²⁷ reknar Lotteritilsynet med at desse hadde utplassert 64 automatar per 31 desember 2002, noko som utgjør 3,6 promille av samla automattal.

Vi viser vil vedlegg for metode for innsamling av data og estimat som er brukt.

Gjennomgangen vidare er basert på konkrete tal og estimat gjort der entreprenørar ikkje har gitt fullstendig informasjon i spørjeskjema.

Gevinstautomatar – estimerte nøkkeltal år 2002

Brutto omsetning (pengar inn) *	15 426 mill
Utbetalt gevinst (pengar ut) *	12 038 mill
Netto omsetning	3 388 mill
til entreprenør	1 489 mill
til lokalinnhavar	675 mill
til formål (lag og organisasjonar)	1 224 mill
Formålas del av brutto omsetning	8 %
Formålas del av netto omsetning	36 %
Utbetalt gevinst av brutto omsetning	78 %

* *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt desse tala.*

Brutto omsetning er estimert til 15,4 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane, verdi av gjenspel er difor ikkje medrekna.

Tilsvarande vart om lag 12 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukt på nye spel, ville gevinstprosent vore høgare. Men for kvar 10-kroning som er putta på ein automat, er nærare 8 kroner utbetalt som endeleg gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen eller tapt. Nær 3,4 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden. Beløpet vart fordelt mellom formåla, entreprenørane og lokalinnhavarane. Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreningar er reelle tal, men i tillegg har Lotteritilsynet lagt til estimerte beløp der vi ikkje har omsetnings- eller inntektstal.

²⁶ Denne delen omfattar gevinstautomatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst – og underhaldnings- automatar. Det inngår også 83 lottoautomatar (31. des 2002) etter forskrift om oppstilling av lotteri-automat.

²⁷ Telefonsamtalar til entreprenørane, søk i Lotteriregisteret og andre arkivsystem.

Automatar

Talet på automatar og oppstillingsstader

Tal automatar	1. jan 2002	31. des 2002	Endring	Prosent
Gevinstautomatar	18 654	17 806	-848	-5 %
Lottoautomatar	261	83	-178	-68 %
Total	18 915	17 889	-1 026	-5 %

Tabellen viser ein samla nedgang med 1 026 automatar. Forholdsvis større reduksjon i talet på lottoautomatar der 2 av 3 er fjerna gjennom 2002.

Samla automattal for entreprenørar	1. jan 2002	31. des 2002	Endring	Prosent
> 500 automatar kvar 1. januar	14 945	13 072	-1 873	-13 %
< 500 automatar kvar 1. januar	3 970	4 817	847	21 %
Totalt	18 915	17 889	-1 026	-5 %

1. januar 2002 var det fire entreprenørar med meir enn 500 automatar kvar. Desse har samla redusert sin automatpark med 1 873 automatar (13 %). Dei andre entreprenørane har totalt hatt ein vekst på 847 automatar (21 %).

Frå innkomne data kan vi anslå fordeling av gevinstautomatar på ulike oppstillingsstader²⁸:

Automatar per oppstillingsstad			
31. desember 2002	Tal	Prosent	
Daglegvareforretningar	3 500	20 %	35%
Varehus/kjøpesenter	2 800	16 %	
Kiosk	4 800	27 %	39%
Bensinstasjonar	2 200	12 %	
Servering/overnatting	2 600	14 %	26%
Andre	2 000	11 %	
Totalt	17 900	100 %	100%

Om lag ein tredjedel av automatane er plasserte i daglegvareforretningar eller varehus/kjøpesenter. Ein litt større del står i kioskar og bensinstasjonar. Dei resterande finn vi andre stader og som oftast på serverings- eller overnattingsstader.

I andre stader inngår ferjer, bingolokale, spelehallar, bowlinglokale osb.

Om lag 600 av automatane stod i bingolokale.

Samanlikna med berekninga for 2001 ser vi einskilde endringar. Vi ser reduksjon i daglegvareforretningar, stader med servering/overnatting og andre stader, totalt redusert med 1 500 automatar. Ein mindre auke ser vi for varehus, kioskar og bensinstasjonar, totalt med 400 automatar.

Oppstillingsstad	2001	2002	Endring
Daglegvareforretningar	4 000	3 500	- 500
Varehus/kjøpesenter	2 700	2 800	100
Kioskar	4 600	4 800	200
Bensinstasjonar	2 100	2 200	100
Servering/overnatting	3 200	2 600	- 600
Andre stader	2 400	2 000	- 400
Totalt	19 000	17 900	- 1 100

²⁸ Entreprenørane har rapportert kor stor del av automatane (per 31.12) som stod på ulike oppstillingsstader. For 497 automatar er dette ikkje spesifisert, men vi har lagt til grunn prosentvis fordeling frå dei andre.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i automatmarknaden

Opptalt og estimert beløp for netto omsetning ifølgje teljeverk er 3 388 millionar kroner. Beløpet er ikkje identisk med det som fysisk er opptalt ved tømning. Differansen (avvik) kan skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Avvik er totalt rapportert og estimert til 31 millionar som teljeverk har registrert, men som ikkje er talt opp ved tømning. Dette beløpet inngår under i entreprenørs del av omsetninga.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål (lag og organisasjonar)	1 224	36 %
Til lokalinnhavar	675	20 %
Til entreprenør	1 489	44 %
Sum = netto omsetning	3 388	100 %

Fordeling til formål

Totalt er 1 224 mill. fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjorde dette 36 % (1 % over forskrifts minstekrav i 2002). Andel til formåla var også 36 % i 2001.

Vi viser under korleis dette beløpet er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjonar. Fordelinga viser vi på to måtar:

- 1) Slik fordelinga er registrert før berekning av uspesifiserte og estimerte inntekter. Dvs. slik entreprenørar oppgir fordelinga, og vårt estimat for inntekt der vi manglar tal for omsetning og formålsinntekter (her 3,4 mill).
- 2) Det som entreprenørar oppgir, og i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter.

Fordeling av automatinntekter	1) Registrert fordeling inkl. estimert inntekt (3,4 mill)		2) Estimert fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Millionar	Prosent	Millionar	Prosent	Del av beløp som er estimert ²⁹
Idrett	389	32 %	416	34 %	7 %
Helse	193	16 %	206	17 %	6 %
Musikk/kultur/fritid	39	3 %	42	3 %	7 %
Humanitær	512	42 %	518	42 %	1 %
Diverse	40	3 %	43	3 %	7 %
Uspesifisert og estimert ³⁰	50	4 %			
Totalt	1 224	100 %	1 224	100 %	4 %


Oversikten er basert på kategorisering gjort av entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

²⁹ Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (47 mill) og estimat av 64 automatar (3 mill), totalt 50 mill. eller 4 % av 1 224 mill. Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter at vi har utelete det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv (Røde Kors, Redningsselskapet og NHF). Denne fordelinga er så lagt til grunn for beløp der entreprenørar ikkje har spesifisert og der vi har estimert omsetning.

³⁰ 46,9 mill. uspesifisert frå entreprenørar og 3,4 mill. fullt ut estimert for manglande omsetnings- og inntektstal.

Automatar

Fordeling av automatinntekter til formåla år 2002,
totalt 1 224 mill



Humanitære organisasjonar fekk mest frå automatane, estimert til 518 millionar. Dei to største organisasjonane her er Røde Kors og Redningsselskapet.

Idretten fekk også ein stor del. Entreprenørar har oppgitt at dei gav 389 millionar kroner til ulike idrettsorganisasjonar. Saman med vårt estimat for fordeling av uspesifiserte inntekter blir beløpet til idretten 416 millionar.

For helseorganisasjonar, som er den tredje største gruppa, har vi estimert ei samla inntekt på 206 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Den Norske Kreftforening. Viser elles til vedlegg for kategorisering av formål.

For organisasjonar innan musikk, kultur og fritid har vi estimert 42 millionar.

For gruppa *diverse* som omfattar lag og foreiningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, er estimatet 43 millionar kroner. I diversegruppa finn vi mellom anna miljøvernorganisasjonar, dyrevern og politiske parti, men også foreiningar som entreprenørar har hatt problem å plassere i dei andre kategoriane.

Entreprenør og lokalinnehavar

Entreprenørar sin del av automatinntektene var 1 489 millionar kroner. Dette utgjorde 44 %, noko som er 1 % under maksimum i forskrift. Alle kostnader som entreprenør elles måtte ha blir dekt av dette beløpet, mellom anna eventuelle agentavtalar og avvik.

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Deira inntekt var 675 millionar. Dette utgjør 20 % av netto omsetning, noko som samsvarar med maksimumsandelen i forskrift.

Automatar

Gjennomsnittleg nettoomsetning per automat i 2002

Netto omsetning per automat i gjennomsnitt:	Kroner (avrunda)
Totalt for alle entreprenørar	184 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningsselskapet og NHF)	156 000
Totalt for private entreprenørar	207 000

Entreprenørar med eige formål hadde jamt over mindre omsetning per automat enn dei private. Om vi legg til grunn prosentvis del etter forskrift kunne dei private entreprenørane fordele større beløp per automat til seg sjølve, til formåla og til lokalinnhavarar.

Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal tilfelle lotteriverdige formål. Difor går inntektene i utgangspunktet uavkorta til entreprenør og lokalinnhavar.

Tal på underhaldningsautomatar

Vi har tal frå 27 entreprenørar som samla oppgir 1 147 automatar per 31. desember 2002.

31. desember 2001 rekna Lotteritilsynet med at det stod utplassert nær 2 200 automatar. Talet på utplasserte underhaldningsautomatar er difor redusert med om lag 1 000 gjennom år 2002. Det er ikkje alle desse automatane som treng oppstillingsløyve frå politiet (t.d. biljardbord og dartspele), men av praktiske årsaker inngår dei likevel i entreprenørane sine rekneskap.

I vårt materiale har 23 entreprenørar med i alt 933 automatar oppgitt at 470 av dei har oppstillingsløyve. Dette utgjør 50 % av automatane.

Omsetning i 2002

Registrert omsetning er 51 millionar kroner.

Tabellen under viser fordeling på aktørar:

Fordeling av omsetning	Mill	Prosent
Til entreprenør (ekskl. mva)	28	54 %
Til lokalinnhavar (ekskl. mva)	14	28 %
Mva	9	18 %
Sum = omsetning	51	100 %

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og i samleoppstilling berre nemnd i fotnote.

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreningar sjølve står for bingodrift.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo³¹. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av eit utval rekneskap og tal på løyve gitt av politiet.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på tal for 76 entreprenørar som til saman dreiv 120 bingolokale per 31. desember³². I løpet av 2002 kom det til 6 nye bingohallar (per 1. januar var talet 114)³³.

Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2002

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	1 590 mill
Gevinst *	1 194 mill
Netto omsetning	395 mill
administrativ kostnad	329 mill
overskot til formåla	67 mill
Formålas del av brutto omsetning	4 %
Formålas del av netto omsetning	17 %
Gevinstprosent	75 %

*) *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt dette for elektroniske sidespel.*

Entreprenørbingo omsette for nær 1,6 milliard kroner i år 2002. Til lag og organisasjonar vart det overført 67 millionar kroner eller 4 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 75 %, og formålas del av netto omsetning er 17 %.

I 2001 utgjorde formåla sin del 20 % av netto omsetning.

Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes "21" og "Mølle".

Bingoentreprenørar med sidespel i 2002	Tal	Prosent	Tal i 2001
Bingoautomatar	49	64 %	36
Databingo	19	25 %	19
Papirsidespel	25	33 %	26
Ingen sidespel	13	17 %	13
Tal entreprenørar totalt	76		75

³¹ Det meste av talmaterialet er innhenta hos entreprenørar, men ein skilde tal/nøkkelopplysningar har vi fått frå politiet, t.d. ved opphøyr, osb. For 3 mindre entreprenørar er deler av omsetninga estimert.

³² Ein entreprenør hadde eit system der det blei spelt i link mellom fleire kafear. Dette systemet er her registrert som 1 bingohall.

³³ For 2001 omfatta statistikken 75 entreprenørar med i alt 113 bingolokale per 31. desember.

Bingo

Elektroniske sidespel er meir utbreidd enn papirsidespel, og flest oppgir at dei har bingoautomatar, 49 entreprenørar i 2002. Dette er ein auka frå 2001 då 36 rapporterte dette sidespelet. For andre sidespel er talet på entreprenørar meir stabilt. Einskilde har fleire typar sidespel. Merk at dette er tal for entreprenørar og ikkje for bingohallar.

Det er 13 entreprenørar som ikkje har sidespel, men i staden for/i tillegg til, kan entreprenørane også ha oppstilt ordinære gevinstautomatar³⁴. 63 entreprenørar har slike automatar. Overskotet frå desse automatane går ofte til dei foreiningane som bingoane spelar for, men det er også bingoar som berre mottek den del av netto omsetning som går til lokalinnehavar.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2002

Tal i millionar	Brutto omsetning	Gevinst	Gevinst prosent	Netto omsetning	Til formål
Hovudspel	930	677	73 %	253	
Sidespel:					
- bingoautomatar	474 *	382 *	81 %	92	
- databingo	174 *	129 *	74 %	45	
- papirsidespel	12	7	56 %	5	
Totalt	1 590	1 194	75 %	395	67

*) *Delvis estimat*

Det meste av omsetninga skjedde i hovudspelet, men elektroniske sidespel hadde også ein stor del. Bingoautomatar har auka i omfang gjennom 2002. Per 31. desember 2002 var det oppgitt 583 automatar, medan tilsvarande tal i 2001 var 345.

Ein god del av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Papirsidespel har lågaste del med 56 %. Elles ligg gevinstprosenten mellom 73 % og 81 %. Høgast gevinstprosent har bingoautomatar, og som for gevinstautomatar gjeld dette gevinst som er utbetalt.

Som tabellen viser fekk dei spelande lag og foreiningar totalt 67 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. Sidan ikkje alle entreprenørane spesifiserer inntekt til formål frå dei forskjellige spela, men berre kva dei totalt overførte, viser vi her berre inntekt til formåla frå bingospel samla.

Omsetning og fordeling til formåla

Tabellen under viser samla prosentvis fordeling til formåla frå dei som har spesifisert beløp. I tabellen inngår 76 % av netto omsetning (299 mill) og 78 % av formåla sitt beløp (52 mill). Dette gir ein peikepinn på korleis ulike spel bidreg til formåla sine inntekter.

Formålas samla andel frå hovud- og sidespel, der dette er spesifisert:

	Av brutto omsetning	Av netto omsetning	Talet på entreprenørar
Hovudspel	3 %	10 %	61 av 76
Sidespel – totalt	6 %	33 %	48 av 63
derav bingoautomatar	6 %	33 %	40 av 49
derav databingo	7 %	31 %	12 av 19
derav papirsidespel	18 %	42 %	17 av 25
Totalt for desse og alle spel	4 %	17 %	61 av 76
Totalt for alle entreprenørar og alle spel	4 %	17 %	76

Tabellen viser at det prosentvis går meir til formåla frå sidespel enn frå hovudspel.

³⁴ Gevinstautomatar med løyve etter forskrift om oppstilling av gevinst og underhaldningsautomat.

Bingo

For å synleggjere i kronebeløp dei ulike spel sitt bidrag til formåla si samla inntekt har vi berekna korleis spesifiseringa kunne vore dersom alle entreprenørane hadde spesifisert formålsinntekter frå samtlege spel. Dette er mellom anna gjort ved å sjå samla omsetning i dei forskjellige spela i samanheng med den prosentvis fordelinga framfor.

Spela sitt bidrag til formålas inntekter	Estimert beløp Mill
Hovudspel	22 – 26
Sidespel – totalt	41 – 45
derav bingoautomatar	27 – 31
derav databingo	10 – 14
derav papirsidespel	1,8 - 2,8
Totalt og reelt beløp	67

Med denne berekninga kom mesteparten av formåla sine inntekter frå sidespela, samstundes som omsetninga var størst i hovudspelet.

Av den totale netto omsetning på 395 millionar kroner gjekk 67 millionar til formåla. Under viser vi korleis dette fordelar seg på ulike kategoriar av lag.

Vi syner fordelinga på to måtar: Registrert fordeling slik entreprenørar rapporterer, og ei fordeling der vi estimerar fordeling frå det som entreprenørar ikkje har spesifisert (sjå vedlegg).


Bingoentreprenørane har samla spelt for 2 923 lag og foreiningar i år 2002. Dette er ein liten auke frå 2001 då talet var 2 891.

Fordeling av bingoinntekter	1) Registrert fordeling		2) Estimert fordeling inkl. fordeling av uspesifisert inntekt		Del av beløp som er estimert ³⁵
	Mill	Prosent	Mill	Prosent	
Formål					
Idrett	31	47 %	32	48 %	2 %
Helse	7	10 %	7	10 %	2 %
Musikk/kultur/fritid	14	22 %	15	22 %	2 %
Humanitær	6	10 %	7	10 %	2 %
Diverse	6	10 %	7	10 %	2 %
Uspesifisert	1	2 %			
Totalt	67	100 %	67	100 %	2 %

³⁵ Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er rapportert frå entreprenørar (1 mill).

Bingo

Fordeling av inntekt frå entreprenørbingo til formåla år 2002, totalt 67 mill



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, her estimert til 32 mill. Blant andre kategoriar er det foreningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt, 15 millionar.

Gevinstautomatar³⁶ i bingolokale

I tillegg til bingoautomatane (elektroniske sidespel) var det i 2002 utplassert om lag 600 ordnære gevinstantautomatar i bingolokala.

Totalt har 34 automatentreprenørar rapportert at dei har gevinstantautomatar i bingolokale.

Av bingoentreprenørane oppgir 63 at dei har gevinstantautomatar i lokala sine.

På grunnlag av data frå automatentreprenørane har vi rekna ut nettoomsetninga til 103 millionar kroner for dei automatane som stod i bingolokaler. Om vi legg til grunn at formåla fekk 35 % av denne omsetninga, vil lag og foreningar ha hatt ei inntekt på om lag 36 millionar frå desse automatane. Dette kom eventuelt i tillegg til inntekt frå hovud- og sidespel i bingoen.

Det er varierende praksis i høve til om desse inntektene går til dei same foreiningane som bingoen spelar for, t.d. i same spel i pott. Dette spurde vi automatentreprenørane om, og under viser vi svarfordelinga saman med berekna formålsinntekter.

Om inntektene går til same foreiningar som bingoen spelar for:

	Tal automat- entreprenørar	Estimert inntekt til formåla	Prosent av inntekt
<i>Alltid</i>	18	12 mill	33 %
<i>Som regel</i>	3	8 mill	22 %
<i>Av og til</i>	8	9 mill	24 %
<i>Sjeldan</i>	2	5 mill	14 %
<i>Aldri</i>	3	3 mill	7 %
Totalt	34	36 mill	100 %

Tabellen illustrerer at ein god del av desse inntektene gjekk til dei same foreiningane som elles fekk inntekt frå bingospela, men ikkje alltid. T.d. er det på einseilde stader praksis at foreningar som bingoen spelar for ikkje kan ha desse inntektene, eller at berre ein eller eit fåtal av foreiningane også har automatinntekter.

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av løyve gitt av politiet og eit utval rekneskapstal tilsendt frå politiet (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Om lag 1 200 lag og foreiningar inngår i følgjande oppstilling. Politiet har rapportert 1 188 løyve der 93 er gitt til radiobingo og 2 til TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2002

Estimert brutto omsetning	320 mill
Gevinst	200 mill
Netto omsetning	120 mill
administrativ kostnad	40 mill
overskot til formåla	80 mill
Formålas del av brutto omsetning	25 %
Formålas del av netto omsetning	67 %
Gevinstprosent	63 %

Vårt estimatet for bingo utan entreprenør utgjer 320 mill. i brutto omsetning, med eit overskot på 80 mill.

Samla bingoomsetning (brutto) for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til 80 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere om lag fjerdeparten.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot rundt 30 millionar til formåla.

Andre lotteri

Forutan automatspel og bingo har vi for 2002 fått innrapportert om lag 3 200 ulike lotteri.

Dei fleste lotteri er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Det meste av denne delen omfattar landslotteri, men vi har og gjort eit estimat for dei lokal lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2002 har vi fått innrapportert 56 slike lotteri (det var 52 i 2001).

I 2002 hadde Oslo politidistrikt 37 landslotteri. Elles hadde Hordaland 5, Asker og Bærum 4 og Telemark 2. Distrikta Østfold, Vest-Oppland, Sør-Trøndelag, Rogaland, Romerike, Nordmøre og Romsdal, Follo og Agder hadde eitt kvar.

Landslotteri - nøkkeltal år 2002

Loddsal	447 mill
Eventuell anna inntekt ³⁷	8 mill
Samla inntekt	454 mill
Gevinstkostnad	67 mill
Netto omsetning	387 mill
administrative kostnader	264 mill
overskot til formåla	123 mill
Formålas del av brutto omsetning	27 %
Formålas del av netto omsetning	32 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 15 %

Landslotteria omsette for 447 millionar kroner. I tillegg kom andre inntekter med 8 millionar. Samla inntekter kom difor opp i 454 millionar.

Gevinstkostnaden var 67 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte.

Administrative kostnader utgjorde 264 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 123 millionar. Dette utgjorde 27 % av brutto – og 32 % av netto omsetning. I 2001 var overskotet 30 % av netto omsetning.

Av landslotteria var 45 førehandstrekte/skrapelodd, medan 11 var etterhandstrekte.

Landslotteri	Førehandstrekte	Etterhandstrekte	Totalt
Antall	45	11	56
Loddomsetning (mill)	434,9	11,6	446,5
Andre inntekter (mill)	7,8	0,02	7,9
Samla inntekt (mill)	442,7	11,6	454,4
Prosent av samla omsetning	97 %	3 %	100 %
Overskot (mill)	116,5	6,4	122,9

³⁷ Andre inntekter ein kan ha med lotteri, mellom anna netto finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

Andre lotteri

Målt i omsetning utgjorde etterhandstrekte lotteri berre 3%.

Landslotteri blir organisert på ulike måtar, m.a. med sal gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ³⁸	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	43,6	21,6	10 %	18 %	50 %
Helse	255,0	55,6	56 %	45 %	22 %
Musikk, kultur og fritid	8,1	3,6	2 %	3 %	44 %
Humanitær	98,6	24,3	22 %	20 %	25 %
Diverse	49,2	17,8	11 %	15 %	36 %
Totalt	454,4	122,9	100 %	100 %	27 %

Helseorganisasjonar hadde størst omsetning (56 % av heile marknaden). Dei hadde likevel mindre del av samla overskot (45 %). Kolonnen lengst til høgre syner prosentvis del til formål av brutto omsetning, og samla sett var den lågast for helseorganisasjonane (22 %).

For kvart lodd som vart selt var det idrettsorganisasjonane som fekk mest i overskot (50 %).

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	38,9	17,3	21,6	44 %	56 %
Helse	210,4	154,8	55,6	74 %	26 %
Musikk, kultur og fritid	7,0	3,5	3,6	49 %	51 %
Humanitær	87,4	63,1	24,3	72 %	28 %
Diverse	43,2	25,4	17,8	59 %	41 %
Totalt	386,9	264,1	122,9	68 %	32 %

Administrative kostnader utgjorde 264 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, etc.

For einskilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I åtte rekneskap har vi sett slike kostnads-postar som totalt utgjorde 11 millionar.

Tabellen over syner at einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre andel kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddosal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

³⁸ Liste over organisasjonane i vedlegg.

Andre lotteri

Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

Samtlege landslotteri omsette samla for mindre enn Flax.


Flaxloddet omsette i 2002 for 798 millionar kroner.

45 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 435³⁹ millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar:

■ Landsforeningen for Hjerter- og Lungesyke	74 mill
■ Redningsselskapet	55 mill
■ Norges Astma og Allergiforbund	32 mill
■ Norsk Folkehjelp	25 mill
■ Landsforeningen for Trafikkskadde	23 mill
■ Stiftelsen Sofienlund	22 mill
■ Norsk Revmatikerforbund	22 mill

Marknadsdelar - førehandstrekte landsdekkjande lotteri, loddsal i år 2002



Samanlikna med 2001 har Flax auka sin del av denne marknaden frå 59 % til 65 %.

Av landslotterier er det helseorganisasjonane som har fått redusert sin del mest i marknaden frå 25 % i 2001 til 20 % i 2002.

³⁹ Eksklusiv 8 mill. i andre inntekter enn sjølve loddsalet.

Lokale/regionale lotteri

Til saman har politiet motteke meldingar eller gitt løyve til mellom 3 100 og 3 200 lokale og regionale lotteri i år 2002.

Om lag 3 000 er såkalla meldingslotteri og i tillegg har nærare 170 lotteri fått løyve⁴⁰.

Vi har innhenta eit utval rekneskapstal for å kunne gjere berekningar av gjennomsnittleg omsetning og dermed kunne estimere ei samla omsetning (sjå vedlegg).

Berekning for lokale/regionale lotteri

Politiet mottok 2 970 meldingar om lotteri under kr 100 000 i omsetning. I tillegg gav dei løyve til 169 lotteri med ramme for omsetning over kr 100 000, men som ikkje er landslotteri.

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2002

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	110 mill
<u>Gevinstkostnad</u>	<u>20 mill</u>
Netto omsetning	90 mill
administrativ kostnad	10 mill
overskot til formåla	80 mill
Formålas del av brutto omsetning	73 %
Formålas del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>18 %</u>

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

Overskotet frå lotteriana har vi ikkje fordelt på kategoriar av formål, men av rekneskapa går det fram at alle typar lag og foreningar sel slike lotteri.

⁴⁰ Lotteri med omsetning under 100 000 treng ikkje løyve, men melder frå til politiet. Lotteri med omsetning 100 000 eller meir treng løyve frå politiet.

English summary

In 2002, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 30.1 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 20.5 billion in prize money.

This left an expenditure of nearly NOK 9.7 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

Key figures on the gaming market in Norway


Year 2002	Million	
	NOK	EUR ⁴¹
Gross turnover (total wagered) ⁴²	30,149	4,016
Prizes	20,485	2,729
Net turnover (expenditure/loss)	9,664	1,287

Year 2002	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴³	6,643	885	2,129	284
Per capita, 15 years and older	8,306	1,106	2,662	355
Per household ⁴⁴	15,280	2,035	4,898	652
Percentage of disposable income ⁴⁵	4.18 %		1.34 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 6,643 in 2002.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 2,129. This amounts to 1.34 % of the disposable income per household.

Turnover in 2002,
Total 30,149 million NOK



⁴¹ Average rate of exchange 2002 as determined by Norges Bank: 7.5073.

⁴² For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested are not included.

⁴³ Average population as determined by Statistics Norway, Nordic Regional Statistic.

⁴⁴ The average number of persons per household is 2.3.

(Figures from Statistics Norway (SSB) - Private households and number of persons per private household 2001).

⁴⁵ National accounts 1970-2002, "Households and non-profit organisations. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 721,918 million.


English summary

Norwegians spent the largest amount on gaming machines, i.e. approximately 15.4 billion NOK.^{46,47} In addition, 8.9 billion NOK was spent on games provided by Norsk Tipping, and nearly 0.8 billion on Extralotteriet, also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent nearly 2.5 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

In addition to gaming machines, bingo, lotteries, internet game (1) and SMS-lottery (1) make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of some 1.9 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at nearly 1.6 billion. Also included here are side games (electronic⁴⁸ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.3 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly 0.5 billion⁴⁹. For the other lotteries we stipulate a turnover of approximately NOK 0.1 billion.

**Shares of turnover in the gaming market,
total 30.1 billion NOK**



⁴⁶ Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

⁴⁷ In addition, a turnover of 51 mill. from entertainment machines.

⁴⁸ Bingo machines and online bingo.

⁴⁹ The turnover of 454 mill. includes NOK 8 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra⁵⁰ er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av Stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Automat- og bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi fekk svar frå nesten samtlege, men vi har vore i kontakt med ytterlegare fem som hadde automatdrift i år 2002. Av ulike grunnar har vi ikkje fått talmateriale frå desse entreprenørane, men vi reknar med at dei i alt hadde utplassert 64 automatar per 31. desember 2002, og for desse automatane har vi lagt til grunn snittutrekningar frå datamaterialet.

Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, og det meste er henta frå entreprenørane sjølve. Av grunnar som eigarskifte eller opphøyr er delar av talmaterialet for tre mindre entreprenørar estimert frå opplysningar gitt av entreprenør eller politi.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap innhenta frå politiet eller organisasjonane sjølve. I einiske tilfelle har det vore naudsynt å kontakte organisasjonane eller tenesteleverandør for nærare avklaring eller presisering.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er tala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskap for 2002 innsendt av politiet. Dette har vi sett i høve til kor mange lotteri og bingoar politiet har rapportert for året 2002.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Gevinstautomatar

Berekening av omsetning

rapportert netto omsetning i flg. teljeverk	3 259 mill
+ estimat der teljeverkdata manglar (rapportert fysisk opptalt + tillegg for avvik (0,937 %))	119 mill
+ estimat for 64 automatar (45 (snittal) x 218 000 ⁵¹)	10 mill
= estimert netto omsetning i flg. telleverk	3 388 mill
+ utbetalt gevinst (78,037 % av brutto omsetning ⁵²)	12 038 mill
= estimert brutto omsetning	15 426 mill

Berekening av omsetning per automat (netto omsetning)

Samla netto omsetning i dei ulike gruppene delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + 31. desember)/2).

Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter "korrigerings" for det tre entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar (64).

⁵⁰ Talspelet Extra er operert av Norsk Tipping på vegner av Stiftelsen Helse og Rehabilitering.

⁵¹ Snittet for automatane til entreprenørar med mindre enn 500 automatar kvar

⁵² Reell total prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut)

Feilmarginar

Prosent utbetalt gevinst (78,037 %)

For 12,8 mrd. eller 83 % av omsetning har vi rapporterte tal for brutto omsetning. Estimater er gjort for det resterande på grunnlag av oppgitt netto omsetning.

Gevinstprosent redusert med 2% gir 221 mill. mindre brutto omsetning og gevinstutbetaling. Auka med 2 % gir 266 mill. større brutto omsetning og gevinstutbetaling.

Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formåla sin del.

Avvik (0,937%)

For dei som ikkje har rapportert teljeverksomsetning vil ein auke på 0,5 % i avvik auke netto omsetning med 0,6 mill.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningrådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

"Særorganisasjonar" eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, så som NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

Bingoentreprenørar har imidlertid fordelt pottspel på kategoriane.

Underhaldningsautomatar

To entreprenørar har ikkje opplyst kor mykje mva. utgjer og ein har ikkje opplyst kor mykje som gjekk til lokalinnehavar. For desse har vi lagt til grunn samla prosentvis del for dei andre og prosentuert ut frå omsetningstalet.

Bereking for bingo med entreprenør

Bingoautomatar: 9 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 40: 81 %.

Databingo: 3 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 16: 74 %.

Elles er omsetninga berekna for 3 mindre entreprenørar. Estimat er gjort på grunnlag av ein-skilde bingorekneskap og opplysningar frå politi og entreprenør.

Spesifisering av inntekt til formål:

Dei fleste entreprenørar har spesifisert formålsinntekt til kategoriar av foreiningar. 5 entreprenørar, som overførte i alt 1,6 mill. til formåla, har spesifisert tal på lag, men ikkje inntekt. Her reknar vi med at kvart lag fekk om lag like stor del av bingoens overskot, og inntektene inngår dermed likevel i det som er spesifisert frå entreprenør.

Bereking for bingo utan entreprenør

Politiet oppgir om lag 1 200 løyve gitt til bingo utan entreprenør i 2002. 95 av løyva er for radio- eller TV-bingo.

På grunnlag av innsende rekneskap reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	820 744 ⁵³	216 272 ⁵⁴		
Samla gevinstprosent	50 %	67 %		
Overskot av brutto omsetning	38 %	19 %		
Tal løyve rapportert	95	1 093		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	78 mill	236 mill	314 mill	320 mill
Estimert gevinst	39 mill	159 mill	198 mill	200 mill
Estimert netto omsetning	39 mill	77 mill	116 mill	120 mill
Estimert overskot til formåla	29 mill	46 mill	75 mill	80 mill
Estimert brutto omsetning år 2002 (runda opp til næraste 10 mill)	320 mill			
Gevinst	200 mill			
Netto omsetning	120 mill			
Administrativ kostnad	40 mill			
Overskot	80 mill			
Formålas del av brutto omsetning	25 %			
Formålas del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	67 %			
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>63 %</u>			

⁵³ Snittomsetning frå 47 rekneskap kr 820 744,-.

⁵⁴ Vi har registrert 233 rekneskap, og kvart distrikts løyve er multiplisert med snitt i kvart distrikts innsende rekneskap, men multiplisert med samla snitt der mindre enn 6 rekneskap er innsendt. Dividert på tal løyve totalt.

Landslotteri 2002 – organisasjonane i dei ulike kategoriene

Musikk/kultur/fritid	* Norsk Bridgeforbund Norges Bygdeungdomslag Norges Musikkorps Forbund Norske 4H
Idrett	Det frivillige Skyttervesen Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund Norges Skotthyllforbund Sør-Trøndelag Baskeballkrets
Humanitær	Adopsjonsforum Flyktningerådet Redningselskapet Redningselskapet * Redningselskapet Worldview Rights Norsk Folkehjelp
Helse	* ADHD-foreningen * ADHD-foreningen * Blå Kors * Morbus Addisons forening * Norges Diabetesforbund Foreningen for hjertesyke barn Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke Landsforeningen for kvinner med bekkenløsning Landsforeningen for Nakkeslengsskadde Landsforeningen For Slagrammede Landsforeningen for Trafikkskadde Landsforeningen til støtte ved krybbedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Døveforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Stiftelsen Sofienlund Vestlandske Blindeforbund
Diverse	* Den Indre Sjømannsmisjon * Det Norske Misjonsselskap, region Oslo/Borg * Oslo og Akershus krets og Delta International Norges KFUK-KFUM Kristelig Folkeparti Den norske Sjømannsmisjon Det norske Arbeiderparti Det Norske Totalavholdsselskap Framtiden i våre hender Motorførernes Avholdsforbund * Motorførernes Avholdsforbund Motorførernes Avholdsforbund Ungdom Noregs Mållag Norges Kvinne og Famileforbund Normisjon - Norea Radio Stiftelsen Pinsevennes Evangeliesenter Senterpartiet

* er etterhandstrekt

Vedlegg

Bereking for lokale/regionale lotteri

Politiet har rapportert at dei har mottatt 2 970 meldingar om lotteri under 100 000 i omsetning. I tillegg har dei gitt løyve til 169 lotteri over 100 000 som ikkje er landslotteri.

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	24 164 ⁵⁵	207 243 ⁵⁶		
Samla gevinstprosent (kostnad)	13 %	24 %		
Overskot av brutto omsetning	80 %	65 %		
Tal meldingar/ løyve rapportert	2 970	169		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	72 mill	35 mill	107 mill	110 mill
Estimert gevinst	10 mill	8 mill	18 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	62 mill	27 mill	89 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	57 mill	23 mill	80 mill	80 mill
Estimert brutto omsetning år 2002 (runda til næraste 10 mill)	110 mill			
<u>Gevinst</u>	<u>20 mill</u>			
Netto omsetning	90 mill			
Administrativ kostnad	10 mill			
Overskot	80 mill			
Formålas del av brutto omsetning	73 %			
Formålas del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %			
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>18 %</u>			

⁵⁵ 248 rekneskap er registrert, og kvart distrikts meldingslotteri er multiplisert med snitt i kvart distrikts innsende rekneskap, men multiplisert med samla snitt der mindre enn 5 rekneskap er innsendt. Dividert på tal løyve totalt.

⁵⁶ 48 rekneskap er registrert, og snitt er berekna på grunnlag av tal løyve i ulike distrikt, snittomsetning i distriktet eller samla snitt.

Til notat

Til notat

Til notat



LOTTERITILSYNET

Postboks 800 • 6801 Førde • Tlf. 57 82 80 00